

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane

Svar - Forvaltningsrevisjon - Musea i Sogn og Fjordane - rapport

Vi viser til dykkar brev av 23.05.2018 der de formidlar fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 3/18. I pkt 5 i vedtaket heiter det:

Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 06.08.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

I rapporten frå Deloitte som låg til grunn for handsaminga i fylkestinget, står det:

Basert på det som kjem fram i undersøkinga har revisjonen følgjande tilrådingar til Sogn og Fjordane fylkeskommune:

1. Fylkeskommunen bør stille krav til rapportering frå MiSF i samband med tildeling av driftstilskot.
2. Fylkeskommunen bør vurdere å utarbeide rutinar som gjer det tydeleg korleis fylkeskommunen skal følgje opp tildelt driftstilskot, og dei forventningar som er formidla ved tildeling av tilskot til MiSF .
3. Fylkeskommunen bør utarbeide rutinar, årshjul eller liknande der faste møtepunkt mellom fylkeskommunen og MiSF er inkludert, og der det går fram både kven som er ansvarleg for å gjennomføre møta og kva som er føremålet.
4. Fylkeskommunen bør, i samarbeid med MiSF, gjere ei formell avklaring av roller og ansvar når det gjeld dei konkrete sakene det blir vist til i rapporten, og også meir generelt med tanke på eventuelle tilsvarande saker i tida framover.

Fylkesrådmannen viser til sin høyringsuttale til rapporten av 22.02.2018 som ligg som vedlegg 1 i rapporten, og meiner dette gir eit godt bilete av korleis dialog og samhandling med Musea i Sogn og Fjordane er organisert og formalisert. Basert på dette, er følgjande handlingsplan sett opp:

Kva	Korleis	Ansvar	Status
1.Rapportering	Årsmelding/rekneskap. Søknader. Muntleg rapportering i halvårlege dialogmøter (adm). Representantskapsmøte Rapportering på enkelttiltak der det er krav om det	Fylkesdirektør for næring og kultur	Innført
	Styreleiar/direktør for MiSF møter hovudutval for næring og kultur årleg	Leiar hovudutval for næring og kultur	Innført
2.Oppfølging av driftstilskot/ forventningar	Gjennom årsmelding og som fast punkt på halvårsmøta.	Fylkesdirektør for næring og kultur	Innført

3.Årshjul	<p>Det vert gjennomført 2 årlege møter med fast dagsorden:</p> <p>Vårmøte (april):</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppsummering førre året • Økonomisk resultat • Langsiktige utfordringar <p>Haustmøte (sept):</p> <ul style="list-style-type: none"> • Årsplan kommande år • Strategiar • Budsjett • Førebels innhald i tilskotsbrev 	Fylkesdirektør for næring og kultur	Innført
4.Avklaring av roller/ansvar	<p>Ansvar og roller i høve saker nemnde i rapporten er drøfta og avklart</p> <p>Nye saker vert løyst gjennom fortløpande dialog og ev vedtak</p>	Fylkesdirektør for næring og kultur	<p>Gjennomført</p> <p>Fortløpande</p>

Med helsing

Paal Fosdal
ass. fylkesrådmann

Ingebjørg Erikstad
ass. fylkesdirektør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Einar Ulla, SEK